



Dei vert større og større

**Hvis ein reknar eitt snitt på 3 personar betyr det at rundt rekna 100 bur i bubilar på Rabben Feriesenter i denne påska. I tillegg kjem hytter og campingvogner og då er vel totaltalet nærare det doble. - Np kan eg ikkje ta mot fleire, seier dagleg leiar Magne Heggøy som konstaterar at bubilane vert stadig større og krev meir plass. Men det må ein vel kalla eit luksusproblem?**

Heggøy kan ikkje på sparket seia kor mange bubilar han har på området, men han antar at det er rundt 30, og det er grunnlaget for reknestykkjet ovanfor.

Bubileigarane og dei som følgjer med dei nyt stort sett det fine veret framfor å dra ut på tur. Men det er unnatak og det er til dømes 3 polakkar og ein brasilianar som jobbar i oljeindustrien i Stavanger og som debuterer som turistar i bygda vår.

Idag har dei sykla Uskedalen til ende og er overstadig begeistra, så begeistra at dei lovar å komma hit fleire gongar.



Anna, Monica og Gregorz frå Krakow og Gustavo frå Belo Horisonte er godt fornøgd etter møtet på 2 hjul med bygda vår  
Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Kan ikkje ta imot fleire